

HVEM STYRER NORSK ENERGIPOLITIKK?

Rogaland Nei til EU har årsmøte laurdag 14. februar, på Folkets Hus i Sandnes. I samband med årsmøtet vil industripolitikkar Trygve Tamburstuen halda foredrag: «Hvem styrer norsk energipolitikk?»



Trygve Tamburstuen har vore ein sentral industri- og energipolitikkar i Arbeidarpartiet. Frå 1976-1981 arbeidde han i olje- og industridepartementa som statssekretær. Han har seinare arbeidd for fleire tele-, media og oljeselskap. Og han har vore leiar i Fridrettsforbundet.

I 2018 vedtok stortingsfleirtalet å overlata energipolitikken til EUs energibyrå, ACER. Nei til EU og Industriaksjonen tok då initiativ til å oppretta ein *Alternativ energikommisjon*, der Tamburstuen blei eit framtrедande medlem. Dei la fram rapporten, og NRK tok den opp i *Debatten*: Tamburstuen og Gerd Liv Valla frå Alternativ energikommisjon møtte statsråd Andreas Bjelland Eriksen og andre som forsvara regjeringas linje. Tamburstuen utmerkte seg med roleg, sakleg og kunnskapsrik kritikk av industri- og energipolitikken regjeringane har følgd dei siste tiåra. Alternativ energikommisjon (AEK) viser korleis Norge enkelt kan frigjera seg frå ACER si overstyring, og ta tilbake kontrollen over vasskrafta — men det krev politisk vilje.

«Hvem styrer norsk energipolitikk?»

<https://www.viljemedia.no/trygve-tamburstuen-hvem-styrer-norsk-energi-politikk/>

Årsmøtet i Rogaland Nei til EU opnar laurdag 14. februar kl. 10.30. Tamburstuens foredrag, med spørsmål og debatt, kan starta kl. 12.45

Alle er velkomne til å høyra på Tamburstuens foredrag og delta i debatten etterpå.